



Atle Falk blir fotografert av Aleksander Rebaudo

SPAR har vore oppe i dag, men slett ikkje for sal. Gjekk du innom fekk du oppleve 3 menn i lilla dressar som spela og song mellom reolane og ein. kassamann med gul parykk som ropte PÅSE heile tida. Og alt vart registrert på video av ein ung uskedeling og assistenten hans. Teamet forsikra oss at alt berre var for gøy. For vår del vil vi leggja til at det var kreativ gøy.

Dei kreative karane var 3G menn som laga ein musikkvideo for å få enda meir fart i billettsalet for juleshowet på fjordhotellet i Rosendal som har 6 framsyningar frå laurdag 26. november og utover. Videoen som er på rundt 4 minuttar blir lagt ut på You Tube torsdag og etter kvart blir han også å finna på Facebook og andre stader.

3 G menn er eigentleg 4 og alle bur i Dimmelsvik. Atle Falk som boblar av ustopeleg kreativitet, er regissør og uskedelingen Aleksander Rebaudo har fotoansvaret assistert av sonen til Falk - Fridtjof Lyse Falk. Falk gjev unge Rebaudo sterk ros. og det er tydeleg at det her er godt samarbeid om galskapen. Dei 3 er Johannes Hjelmeland, Christian Tveiten og Rune Rangsæter.

Teamet har ein produksjon bak seg frå før - den vart laga for lokalrevyen i august og 3000 har vore inne og sett den på You Tube til no hvis også det som kallast teasaren tas med. Den neste produksjonen vil nok bli sett av enda fleire.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Fire menn i lilla dressar dominerte SPAR i dag